



Fire frå branntroppen i Uskedalen var med og sløkte ein brann i brake, lyng og småfuru ved Bjørnebøle laurdag ettermiddag.

Branntroppane frå Rosendal og Åkra var også med på sløkkinga. 17 mann var engasjert i sløkkingsarbeidet.

30 mål vart svidd av under brannen, som vart meldt ved 13-tida.

Brannmeister Håkon Uppheim (på biletet med det brente området bak) opplyser at folk på staden starta sløkkinga. Troppen frå Rosendal hadde med tankvogn og det vart også brukt vatn frå ein bekk.

(Foto: Kvinnheringen)